



ArkivsakID/ JpID: 15/2024 15/13925

Dato:
07.07.2015

Avtale mellom Meland kommune og Meland sokneråd Del 1 – Generell del

1. Heimegrunnlag

Avtalen er heimla i:

- Lov om den norske kyrkje (kyrkjelova)
- Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova)

Kommunen sitt økonomiske ansvar skal dekkje dei punkta som er omtalte under § 15 i kyrkjelova og § 3 i gravferdslova.

Kommunale løyvingar til den kyrkjelege verksemda er løyvingar til ein annan part. Soknerådet disponerer desse løyvingane fritt innanfor den ramma dei er tildelt og fører eige rekneskap etter gjeldande budsjett og rekneskapsforskrifter.

2. Samarbeid og samhandling mellom soknerådet og kommunen

Gjennom årlege møte mellom representantar frå soknerådet og formannskapet vert det høve til generelle og prinsipielle drøftingar om aktuelle saker, jf. eigen avtale om dette (vedlagt).

Soknerådet får høve til å koma med på eit tidleg tidspunkt i den kommunale budsjettprosessen slik at ein både kan gi og ta imot signal om neste års budsjett og framlegg til økonomiplan. Soknerådet vedtek framlegg til budsjett. Dette vert lagt til grunn for den økonomiske ramma som vert løyvd til soknerådet.

3. Økonomiske føresetnader - presisering

Forventa auke i lønsutgifter som resultat av sentrale og lokale lønsforhandlingar med grunnlag i sentralt oppgjør, samt forventa auke i pensjonsutgifter må reknast inn i den årlege løyvinga frå kommunen.

4. Avtalevilkår

Den vedtekne avtalen kan seiast opp eller krevjast reforhandla innan 1. juli kvart år, med verknad frå komande budsjettår.

5. Kommunal tenesteyting

Kommunal tenesteyting kan erstatta kommunal løyving, sjå del 2. Tenesteytingar vert ført som kalkulatoriske utgifter/inntekter i rekneskapen. Pris på tenesteytingar skal vere så realistiske som mogleg. Tenesteytingsavtalen skal reviderast etter kvart soknerådsva, med oppdatering av prissetjinga som føremål.

6. Vedlegg

Samarbeidsavtale mellom Meland sokneråd og Meland kommune, dat. 27.06.14

Del 2 – Kommunal tenesteyting

KYRKJE OG KYRKJEKONTOR

2.1 Kontorutgifter

Kyrkjekontoret er tilknytt kommunen sin telefonsentral og får nytta kommunen sine IKT-tenester, samt frankerings- og kopi-utstyr. Utgifter til frankering skal utreknast etter avrekning.

Kalkulert pris – samla: Kr 120 000.

Spesifisert oversyn:	Kr 90 000
IKT-tenester og telefoni : (nettverksløyving, innkjøp og oppsett av maskinvare og nettverk, samt support)	
Porto:	Kr 23 000
Kopiering:	Kr 7 000

2.2 Innkjøpsordningar

Kyrkjekontoret får gjere seg nytte av den interkommunale innkjøpsordninga der Meland kommune er med («Bergensavtalen»)

Kalkulert pris: Kr 2 000.

2.3 Innbrottsalarm

Ved utløyving av innbrottsalarm i kyrkja, går varselet til Teknisk vaktordning i Meland kommune.

Kalkulert pris: Kr 3 000.

2.4 Vedlikehald av kyrkja og kyrkjestova

Soknerådet tek avgjerd i spørsmål om vedlikehald av kyrkja og kyrkjestova og prioriterer vedlikehaldsoppgåver innanfor vedtekne budsjettammer.

Soknerådet får nytte seg av kommunen sin kompetanse i spørsmål som gjeld vedlikehald. Tilsette ved vedlikehaldsavdelinga i Meland utfører vedlikehaldsarbeidet, som er berekna til 3 timar per veke i gjennomsnitt per år. Praktiske ordningar og rutinar vert avtalt mellom leiar for vedlikehaldsavdelinga i kommunen og kyrkjevevje.

Kalkulert pris: Kr 40 000.

KYRKJEGARDANE

2.5 Drift- og vedlikehald av kyrkjegarden

Kommunen har ansvar for den praktiske delen av kyrkjegardsdrifta. Kommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette og står for alle løns- og personalkostnader.

Kommunen sine tilsette utfører alt arbeid i samband med gravferder, vedlikehald og stell av kyrkjegarden, samt kontorhald knytt til kyrkjegardsdrifta.

Alle som har arbeidet sitt på kyrkjegarden må kjenne til gravferdslova md forskrifter samt lokale forskrifter på kyrkjegarden slik at alt arbeid skje i samsvar med desse. Det må alltid vere nok mannskap disponibelt slik at gravferder kan gjennomførast til den tida kyrkjevevje bestemmer. Det er nødvendig med 2 årsverk for å støtte desse oppgåvene. Dette er då inkl. ferievikar/sommarhjelp, pluss mannskap til brøyting og strøing av parkeringsplass og vegar i området.

Kalkulert pris: Kr 960 000.

2.6 Utstyr til kyrkjegardsarbeidarar

Kommunen syter for reiskapar, maskiner og utstyr til arbeidet på kyrkjegardane. Døme på nødvendig utstyr: Klyppeutstyr, gravemaskin, traktor til brøyting og strøing, lastebil til bortkøyring av diverse (i sambruk med andre kommunale vedlikehaldsoppgåver)

Kalkulert pris: Kr 100 000.

2.7 Arealutviding/opparbeiding

Soknerådet skal fremje forslag om arealutviding og opparbeiding av gravplassar slik at det til ei kvar tid er nok gravplassar i samsvar med lovkrav.

Kommunen stiller til rådvelde sin kompetanse ved planlegging og opparbeiding

Pris vert ikkje fastsett.

2.8 Den administrative delen av kyrkjegardsdrifta

Soknerådet har ansvar for den administrative delen av kyrkjegardsdrifta. Kyrkjevevje fører gravregister, oppdaterer festeregisteret og syter for innkrevjing av avgifter knytt til kyrkjegarden m.m.

Når det er overskot på rekneskapsavdelinga kyrkjegard, vert overskotet tilført kyrkjegardsfondet, som vert administrert av soknerådet. Arbeidet utgjjer 40% stilling.

Kalkulert pris: Kr 265 000.

Avtalen vert gjort gjeldande frå og med / 2015

Frekhaug 16 / 09 2015

For Meland kommune:
 MELAND KOMMUNE
Ordførar


For Meland sokneråd:
